

Dykkar ref.:

Vår ref.: Ard19049

Bergen: 14.09.2020

VARSEL OM ENDRING ETTER FORENKLA PROSESS FOR PLANID 1263-200506 JUVIKSTØLEN GNR. 185 BNR. 319 - ISDAL, ALVER KOMMUNE

I medhald av plan og bygningslova (pbl) § 12-14, varslar vi på vegne av Sameiet Orresteinen 35 - 53 om at vi vil sende inn søknad om endring etter forenkla prosess for planid 1263-200506, Juvikstølen gnr. 185 bnr. 319 - Isdal, Alver kommune.

Føremål

Føremålet med endringa er primært å gjere endringar i føresegnene slik at bebuarane kan føre opp mindre tilbygg på bustadane i Sameiet Orresteinen 35 - 53.

Reguleringsplan og endring etter forenkla prosess

Ein reguleringsplan består av arealplankart med tilhøyrande føresegner og planskildring som angir bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader. Ein reguleringsplan fastset framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak. Endring etter forenkla prosess fylgjer i utgangspunktet dei same reglane som ved utarbeiding av detaljregulering, men det er opna for ein enklare prosess. Ei endring kan gjerast etter forenkla prosess dersom endringa i liten grad vil påverke gjennomføring av planen elles, ikkje gå utover hovudrammene i planen, og heller ikkje råke omsynet til viktige natur- og friluftsområde, jf. pbl. § 12-14. Ved endring etter forenkla prosess skal saken leggjast fram for aktuelle myndigheiter. Vidare skal eigar/festar av direkte råka eigedomar gjevast høve til å uttale seg.

Tiltakshavar og konsulent

Tiltakshavar er Sameiet Orresteinen 35- 53 og Ard arealplan as er plankonsulent.

Merknader til oppstartsmeldinga:

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den kommande prosessen. Meir informasjon kan lesast på nettsida til www.ardarealplan.no.

Innspeil eller merknader kan sendast skriftleg til:

Ard arealplan as
Nygårdsgaten 114
5008 Bergen
e-post: post@ardarealplan.no

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknadar til Alver kommune. Alle mottekne dokument, merknadar og liknande vert sendt kommunen saman med planframlegget.

Merknadsfrist:

Frist for merknader er sett til **30. september 2020**.

Vidare saksgang:

Etter at merknadsfristen har gått ut vert endringsforslaget sendt til Alver kommune for sakshandsaming. Det er ikkje krav til utlegging av forslag til offentleg ettersyn, eller kunngjering av endeleg vedtak. Underretning om vedtak vert sendt til råka myndigheiter som har hatt merknader, og eigarane og festarane av eigedomar som direkte råkast av vedtaket.

Med beste helsing

Olivier Ceysens

Olivier Ceysens
Planleggar (byggingeniør)
Ard arealplan as

Tlf: 55 31 95 00 / 94 14 26 47

Vedlegg:

- Søknad om endring etter forenkla prosess_Juvikstølen, Orresteinen_11.09.2020
- Føresegner rev 120202 (Eksisterande føresegner)
- Føresegner - reviderte_Juvikstølen, Orresteinen_11.09.2020
- Situasjonsplan - eksisterande_Juvikstølen, Orresteinen_28.04.2020
- Situasjonsplan - ny situasjon_Juvikstølen, Orresteinen_28.04.2020

Varslingsliste:

Naboar:

Alle naboar og grunneigarar som grensar til planområdet.

Offentlege instansar:

Fylkesmannen i Vestland
Vestland fylkeskommune

fmvlp@fylkesmannen.no
post@vlfk.no